

HISTORISK INSTITUTT



BLINDERN, den 25. april 1973
POSTBOKS 1008, OSLO 3
TLF. 46 68 00*

Herr Einar Syvertsen
Bolteløkken alle 10
Oslo 4

Som De nok vil forstå, var eg litt i tvil om eg skulle svara på brevet av 17. april iår, som eg mottok i dag. Tvilen skriv seg først og fremst frå den tonen De har valt å bruka, sidan den knapt kan seiast å innby til sakleg meningsutveksling.

Når eg like vel svarar, kjem det særleg av at eg meiner det er svært viktig å visa tolmodig ro i slike saker, også når den andre part måtte koma i skade for å gå seg varm.

La meg derfor skissera eit par av dei viktigaste føresetnader for gjevande og opplysande diskusjon, slik eg ser dei:

For det første må begge partar akseptera at det er ulike oppfatningar av mange historiske spørsmål, og at dette er ein naturleg tilstand i historisk debatt. Det kunne til dømes ikkje falla meg inn å tru, langt mindre uttala, og det til og med i skrift, at De driv med "fusk", fordi om De har andre meiningar enn eg. Derimot er eg overtydd om at De har eit ufullstendig kjennskap til materialet.


For det andre må ein avskriva den oppfatning som De gir ord for i manuskriptet, nemleg at den interesse som mange etter okkupasjonen har nært for vår krigs- og okkupasjonshistorie, skulle skriva seg frå at dei har "følt trang til å se en bekreftelse på det de för mente å vite". Dersom ein berre sökjer "bekreftelse" på det ein meinte å vita fra för, kan ein vanskeleg læra noko nytt. Eit historisk studium vil gjerne, ja kanskje som regel, föra til at ein supplerer, nyanserer og i mange tilfelle reviderer det ein "mente å vite".

For det tredje er det eit grunnleggjande prinsipp at når nytt materiale, nye opplysningar blir tilgjengelege, så kan

ein ikkje diskutera dette utan å ha sett seg inn i det.

Dersom eg i ein sakleg tone skulle få faglege spørsmål omkring det materiale som nå ligg føre frå War Cabinet, og om mine konklusjonar på dette grunnlag, i tilknyting til det foredraget eg hadde i Militære Samfunn den 9. april, så skal det vera meg ei glede å svara på det.

Med helsing



Magne Skodvin